

NY STRID OM § 93:

57 stemmer stopper Grunnlovsforslag

Side 11

KOMMENTAR:

«Spennende» med euro-eksperiment

Side 16-17

BESTILL ÅRBOKA 2012 NÅ:

Gjør deg klar til EØS-debatten. Les den nye årboka!

Side 8

ALTERNATIVER TIL EØS-AVTALEN



REGJERINGSPARTIA SPLITTA OM EØS:

Klare for ny EØS-debatt

- Audun Lysbakken, nestleiar i Sosialistisk Venstreparti, trur det vil bli langt lettare å diskutere EØS framover.
- SV og Senterpartiet vil verte tydelegare på alternativ til EØS.
- Helga Pedersen, parlamentarisk leiar i Arbeiderpartiet, avviser ikkje debatten, men meiner Noreg er heilt avhengige av EØS-avtalen.
- Det er altså duka for skarp EØS-debatt i regjeringa. **Side 4-5**

Meld deg inn med SMS

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN
OG POSTADRESSE> til
2090 (Kroner 150,-)



Av Heming Olaussen, leder i Nei til EU
Tegning Pål Hansen, alias UKRUT.no

» Noreg har sagt nei to gonger. Eg har tapt to gonger. Eg kjem ikkje til å prøve igjen.

Statsminister Jens Stoltenberg i ein tale til kongressen til det sosialdemokratiske partiet i Tyskland, SPD, 4. desember 2012. Sitert av Nationen.no

EØS-debatt: «Når som helst – hvor som helst»

Det var utenriksminister Støre som uttalte disse brave ord til avisa Nationen om den kommende EØS-debatten her til lands. Støre mener åpenbart at han har en god sak. I de kretser han vanker er det absolutt ikke god latin å stille spørsmålsteget ved EØS-avtalen. For det første er avtalen det nestbeste når det forjettede medlemskapet er blokkert. For det andre vil ikke EU høre snakk om det. Kjør debatt?

I andre kretser her til lands – for eksempel på grunnplanet i fagbevegelsen, ute i distrikts-Norge, blant forbrukere, i avholdsbevegelsen og blant mange offentlig ansatte er stemninga en helt annen. Der er det til dels stor uro over at Norge gir fra seg styringa til EU på samfunnsområde etter samfunnsområde. EU endrer Norge i sitt bilde.

Uroen gjør åpenbart ikke særlig inntrykk på Jens og Jonas. Så lenge man kan skyve en Roar Flåthen foran seg, behøver AP tydeligvis ikke ta hensyn til et landsmøte i Fellesforbundet – de som har skoen på og vet hvor den trykker. Vikarbyrådirektivet selges inn med smørsida først; likebehandling mellom vikarer og fast ansatte. Argumentet om at slik likebehandling kan sikres via egen nasjonal lovgivning preller av. Argumentet om at dette vil kunne føre til et løsarbeider-samfunn ignoreres. Argumentet om at det ikke vil være norske myndigheter, men domstoler i EU som avgjør holdbarheten av norsk arbeidsmiljølov forbigås i stillhet. Ap-toppene minner mer og mer om de tre apene: De som ikke ville se noe stygt, si noe stygt eller høre noe stygt. Om EU.

Det er den samme historien når det gjelder alkoholreklame på tv. «Alle» er mot det. Men EU forlanger det. Da blir det sånn, hilsen Don Quijote og Sancho Panza, alias Jens & Jonas. Når dette leses over nyttår (skrevet 2.12.), skulle det ikke forundre meg om Ap har overkjørt alle advarsler og gått inn for å innføre genmodifiserte organismer (GMO) i Norge på toppen


av det hele. Jeg håper stadig, på SV og Sp. Og fornuften.

Ap-ledelsen virker nesten immune mot signaler fra grasrot og folk. Hverken Jens eller Jonas ville ha veto mot EUs tredje postdirektiv. Det var et grasrottopprør i egne rekker som overvant toppene. I tida fram til Aps landsmøte hadde jeg hørt Jonas Gahr Støre si en eneste ting om bruk av veto: «Vi kan ikke ha ulik rettstilstand i et felles marked av 30 stater.» Etter landsmøtet sa han at reservasjonsretten var til for å brukes. Det måtte han si, skulle han ha en videre karriere i partiet.

Nå får vi EØS-debatt i 2012, på basis av dokumentene fra Europa-tredningen og fra Alternativ-prosjektet. Støres posisjon er interessant: Vi må ha EØS for å få solgt varene våre, og fordi EU ikke vil høre snakk om noe annet. Men vi bør ha et nytt EØS, slik EU ønsker. En mer omfattende og helhetlig avtale, tilpasset EU-strukturen etter Lisboa-traktaten. «Alt» skal bli EØS. Bilaterale avtaler skal reduseres til et minimum. EU skal få enda mer makt i Norge.

Det er altså ikke snakk om forsvar av den eksisterende EØS-avtalen, men om et «nytt» EØS, nettopp i EUs bilde. Dette åpner rommet for den viktige debatten: Hvilket avtaleforhold skal Norge ha med EU i framtida? Mener virkelig alle EØS-tilhengere at det er helt greit at EØS-avtalen skal utvides på denne måten?

Det trengs alternativer til EØS. Og det trengs folkeopplysning om EØS. Nei til EU har en kjempetfordring foran seg. Heldigvis er vi ikke aleine. Svært mange ser etter hvert dette behovet for en fri og demokratisk debatt om EØS-avtalen virkelig er det beste for Norge. Vi har store forventninger til prosjektet «Alternativer til dagens EØS-avtale», til fagrørsla, til SV og Sp, og til frie og uavhengige stemmer som kan målbare et annet syn enn duetten til Jens og Jonas: «Alt for EU». Vi må forberede oss på et hardkjør. Og på masse debatt. «Hvor som helst og når som helst.»



«Det store spranget» og godt nytt år 2012

Standpunkt

TIPS OSS! Standpunkt-redaksjonen blir alltid glad for tips fra leserne. E-post: standpunkt@neitileu.no | SMS: Send NTEU tips [ditt tips] til 2030

Ansvarlig redaktør: Heming Olaussen
Redaktør: Sindre Humberset
Layout: Eivind Formoe
Redaksjon: Torunn Kanutte Husvik, Hege Lothe, Marianne Granheim Trøyflåt og Dag Seierstad.

Korrektur: Elisabeth Gundersen, Eva Marie Mathisen og Jens Kihl.
Opplag: 33 000
Post- og besøksadresse: Storgata 32, 0184 Oslo
Kontakt oss: standpunkt@neitileu.no

Telefon: 22 17 90 20
Redaksjonen avsluttet: 14.12.2011
Medlemskap i Nei til EU koster 320,- kroner pr. år, og kan betales inn til kontonummer 7874 05 01517.

Trykkansvarlig: Datatrykk
Annonser og istikk: Ta kontakt for pris og informasjon. Budskapet i annonser og istikk står for annonsørens regning og trenger ikke være sammenfallende med Nei til EUs syn.
Innsendte bidrag kan bli nedkortet.





Flytter makt til Brussel. Den franske presidenten Nicolas Sarkozy og den tyske kansleren Angela Merkel fikk med seg de fleste EU-lederne på et nytt regelverk som flytter enda mer makt fra medlemslandene til Brussel. Her sammen med kommisjonspresident José Manuel Barroso under EU-rådmøtet 9. desember.

FOTO: EU-KOMMISSJONEN

Med straff ut av krisa?

Angela Merkel og Nicolas Sarkozy har fått de fleste EU-regjeringene med på at de skal straffes dersom de bryter det nye regelverket for valutaunionen. Straffen skal komme automatisk: En regjering som ikke klarer å holde underskuddet på statsbudsjettet under tre prosent av nasjonalproduktet, skal betale en bot som svir til EU.

Foreløpig er det bare den britiske regjeringen som nekter å være med på dette kjøret fra Merkel og Sarkozy.

De fleste EU-statene ligger tynt an i forhold til denne straffeloven. I 2010 hadde 22 av de 27 medlemsstatene budsjettunderskudd over grensa på tre prosent av nasjonalproduktet. De fem unntakene var mindre land som de tre nordiske EU-statene, Estland og Luxemburg.

EU-kommisjonen regner med at 20 land vil sprengte den tillatte grensa også i år. Det samlede budsjettunderskuddet i EU-statene er anslått til 4,7 prosent av EUs samlede nasjonalprodukt.

Det fører til at statsgjelda vil fortsette å vokse, i de fleste EU-land til langt over den grensa som var en forutsetning for å delta i valutaunionen: at statsgjelda må være lavere enn 60 prosent av nasjonalproduktet.

Krisekaoset de siste ukene kan øke disse talla dramatisk – og ikke bare i kriseland som Hellas, Italia, Portugal og Spania. Budsjettunderskudd og statsgjeld vil øke også i land som må låne penger for

» Krisekaoset skal løses ved å bøtelegge de regjeringene som har minst penger.

å kunne låne dem videre til de kriselanda som har det vanskeligst. Både Tyskland og Frankrike må låne penger for å bidra til kriseløsningene i EU.

Det som er viktigst for å få ned løpende budsjettunderskudd og statsgjeld, er å få fart på den økonomiske veksten igjen. Det skal godt gjøres når all krisepolitikk i alle EU-land er å skjære både offentlig og privat kjøpekraft ned til beinet.

Offentlig kjøpekraft går ned fordi regjeringene kutter så brutalt ned på utgiftene sine. Den private kjøpekraften går ned fordi de fleste har mindre penger å kjøpe for. Mange har mye mindre enn før fordi de har mista jobben eller fått lønna eller pensjonen satt ned. Andre holder igjen på pengebruken for sikkerhets skyld.

Næringslivet tar i dagens situasjon ingen sjanser. De som kunne ha investert i ny virksomhet, lar være. De stoler ikke på at villige og betalingsdyktige kunder vil strømme til når investeringen er gjort. Slikt blir det ikke mange nye jobber av.

Banker våger ikke låne ut penger som de faktisk har – fordi de ikke vet om de kan få dem tilbake – med renter.

Da etableringen av EUs valutaunion ble diskutert på 1990-tallet, var de fleste økonomer enige om at det som økonomisk prosjekt var mer enn tvilsomt å samle land med så sprikende økonomier i samme valutaunion.

De politikerne som drev fram valutaunionen så helt bort fra slike advarsler. De så i stedet valutaunionen som et nødvendig politisk prosjekt hvis en skulle samle «Europa» til en «stadig tettere union» – det som ifølge alle EU-traktater har vært målet med EU-prosjektet.

Det perspektivet kunne mange økonomer også være enige i. Det viste erfaringene fra tidligere pengeunioner i Europa. De fleste av dem oppsto på 1800-tallet, og de tre pengeunionene som overlevde, var der hvor pengeunionen nettopp var utgangspunktet for å bygge en ny stat av tidligere uavhengige kantoner (Sveits) eller av bystater og fyrstedømmer (Tyskland og Italia).

De andre pengeunionene, den tysk-østerrikske pengeunionen fra 1857, pengeunionen mellom Belgia, Frankrike, Sveits og Italia fra 1865 og pengeunionen mellom Norge, Sverige og Danmark fra 1872 brøt sammen nettopp fordi disse pengeunionene ikke ble gjort til

grunnmur for en felles statsdannelse.

Harvard-økonomen Dani Rodrik sa det slik i 1998: «Historisk sett har vi aldri hatt en myntunion uten en forbundsregjering. Med mindre EU raskt får skapt en politisk union som kan føre en felles økonomisk politikk, blir ØMUen en katastrofe for Europa og verden.»

Ingen vil ha katastrofen, men hvor i Europa er det et folkekrav å bli del av en sentralstyrt europeisk storstat? Er det kanskje like greit å gi opp hele valutaunionen – eller begrense den til land som virkelig likner hverandre økonomisk? Da er kanskje Tyskland og Frankrike heller ikke like nok. Kanskje burde valutaunionen bare omfatte Tyskland, Nederland, Østerrike og Finland? Ja, og bankparadisene Luxemburg.



Dag Seierstad
Varamedlem til styret i Nei til EU

» Det er ingenting i regjerings-samarbeidet som hindrar oss i å ta opp denne diskusjonen

Audun Lysbakken



Ikkje redd for splitting. – Norsk næringsliv er ikkje avhengig av EØS-avtalen for å få selt varene sine, seier Audun Lysbakken. Han fryktar ikkje at debatten skal splitte regjeringa.

FOTO: SV

USEMJE OM EØS MELLOM PARTIA I REGJERINGA:

Ein intensivert debatt

Debatten om EØS-avtalen har fått leiande politikarar på banen. Regjeringspartia har ulike synspunkt, men opnar for debatt om avtalen.

– Eg trur det vil bli langt lettere å diskutere EØS-avtalen framover, seier nestleiareren i Sosialistisk Venstreparti, Audun Lysbakken.

Han varslar ei sterkare røyst frå SV i debatten om alternativ til EØS. Lysbakken peiker på at partiet har vore tydeleg i kampen mot vikarbyrådirektivet og er ikkje uroa for at saka skal splitte regjeringa.

– SV har gått ut mot alle direktiv vi er imot, og det kjem vi til å halde fram med, seier han.

Ap avviser alternativ

Men EØS er utan tvil eit strids-eple i regjeringskorridorane. Arbeidarpartiet, i nær allianse med LO, har heile vegen vore ivrige forsvararar av avtalen. Den siste tida har det heller ikkje mangla på åtvaringar.

«I en tid hvor den økonomiske krisen reiser spørsmål om forutsigbarhet og trygghet for arbeidsplasser i Norge, så er EØS-avtalen av enda større betydning enn før krisen. Jeg mener avtalen er viktigere for Norge i dag enn i 1994», sa Jonas

Gahr Støre til Klassekampen 17. november i år.

Helga Pedersen, parlamentarisk leiar i Arbeidarpartiet, sluttar seg til analysen.

– Eg kan ikkje sjå noko alternativ til EØS-avtalen per i dag. Avtalen sikrar likehandsaming i marknaden i EU-landa, og desse landa representerer 75-80 prosent av eksportmarknaden vår. Eg er lite lysten på å setja dette på spel i ei tid der det er så stor usikkerheit rundt eksportindustrien, forklarar ho.

Tiltru til saka

Audun Lysbakken fryktar ikkje at utspela frå Arbeidarpartiet skal kneble alternativ-debatten.

– Vi må ha tiltru til egne argument. Norsk næringsliv er ikkje avhengig av EØS-avtalen for å få selt varene sine. EU treng mange av våre ressursar og produkt, slik som vi treng deira. Vi veit at både Noreg og EU er medlemmer av WTO, noko som vil hindre straffetiltak, og vi veit at Sveits har ein annan avtale med EU, minnar han om.

SV-statsråden forsikrar også

om at regjeringspartia står fritt til å gjera seg opp meiningar om saka.

– Det er ingenting i regjerings-samarbeidet som hindrar oss i å ta denne diskusjonen opp i så fulle breidd, seier han.

Fryktar for faglege rettar

Debatten om alternativ til EØS-avtalen kjem etter alle solemerke til å bli intensivert. EU er i krise, meiningsmålinga om EØS som vart kunngjort 10. november, viser ei markant haldnings-ending i folket, og i januar har Europautredningen varsla sin sluttrapport. Lysbakken ser fram til rapporten og håpar også dei negative sidene vil koma fram lysert.

– EU blir meir og meir styrt av ein aktivistisk domstol, som er i ferd med å endre spelereglane i europeisk arbeidsliv på ein dramatisk måte. Det er det farlegaste med EØS-avtalen nett no, meiner han.

Helga Pedersen avviser ikkje debattar knytt til sluttrapporten, men er soleklar på EØS-standpunktet.



Avhengige av EØS. Helga Pedersen, parlamentarisk leiar i Ap, meiner EØS-avtalen er heilt naudsynt. FOTO: AP

– Vi skal sjølvstøtt diskutere konklusjonane i rapporten, om det er noko vi må ta tak i. Men Ap sitt utgangspunkt er at vi er heilt avhengige av EØS-avtalen, understreker ho.

– Så kva med regjerings-samarbeidet dersom SV og Sp kastar seg ut i alternativdebatten med full tyngd?

– Vi er tre ulike parti som i ein del saker har ulikt syn. Det har vi greidd å handtere i seks år, og eg er sikker på at vi skal greie det også i framtida.

Myteknusing

Lysbakken meiner det er viktig å få fram at EØS-avtalen representerer feil form for internasjonalt samarbeid.

– SV har alltid vore kritisk til ein økonomisk modell basert på fri flyt av kapital. Vi ser dessutan at EØS detaljregulerer det norske samfunnet på ei rekkje område. Internasjonalt samarbeid bør handle om dei store spørsmåla i vår tid, som miljø, fattigdom og menneskerettar, ikkje distriktpolitiske verkemiddel og anbudsreglar, konstaterer han.

Og han vil ta debatten til eit nytt nivå.

– Vi treng å bli meir konkrete om kva vi ønskjer oss. Det er mange mytar der ute, ikkje minst knytt til marknadstilgang, som vi veit ikkje stemmer. Når vi får ein levande debatt om alternativ, blir det også lettare å ta livet av mytane, spår nestleiareren i SV.

Av Marianne

Granheim Trøyflat

mariannegt@neitileu.no

VIL LØFTE EØS-DEBATTEN:

Skal ta dei på kunnskap

– Ungdom må på banen i kampen mot EØS, meiner Sandra Borch, nyvalt leiar i Senterungdomen.

– Arbeidarpartiet hoppar altfor lett etter byråkratane i Brussel og vedtek politikk som er mot deira eige program og ideologi. Det er det vi skal utfordre dei på i tida som kjem, seier Sandra Borch.

Løfte EØS-debatten

Borch fortel at Senterungdomen har sett seg som mål å løfte EØS-debatten kraftig komande år. Ho meiner også at dei som står utanfor regjeringskorridorane har lettare for å gjera det.

– Eg trur det er ungdomsorganisasjonane som må ta denne debatten på ordentleg. Skjer det innanfor regjeringa, er nokon ute med ein gong og skal kneble det, seier ho.

Borch trur ein må starte med einskildsakene, for å gjera folk merksame på korleis EØS eigentleg fungerer. Ho meiner også det er eit poeng å vise til at EØS er mykje av det same som EU. Med ein handelsavtale ville ein derimot kunne bestemt meir av retningslinene og utviklings-trekka sjølv.

– Folk blir kanskje redde og tenkjer at vi ikkje skal ha noko internasjonalt samarbeid. Men



Utfordrar regjeringa. Nyvalt leiar i Senterungdomen, Sandra Borch, meiner regjeringsdeltakinga gjer det vanskeleg for Sp og SV å ta EØS-debatten. FOTO: SENTERUNGDOMEN

det skal vi jo, berre ikkje gjen-nom EØS. Det er udemokratisk og eit byråkrati utan like, peiker ho på.

Ungdomsdebatt

Sp-politikaren frå Troms seier ho har inntrykk av at mange unge i Europa er opptekne korleis EU er organisert. Derfor ønskjer ho seg ein skikkeleg debatt blant ungdomspolitikarane. I tillegg etterlyser ho langt tøffare

haldning overfor EU både frå regjeringa og eige parti, men lovar også sjølv å setja seg inn sakene.

– Vi må ta dei på kunnskap, for då har dei ingenting å stille opp med, seier leiaren i Senterungdomen.

Av Marianne Granheim Trøyflat
mariannegt@neitileu.no

KORT & GODT

Sier ja til reklamedirektiv

■ **Ap vil ikke** bruke reservasjonsretten mot EUs tv-direktiv. Dermed kan det norske forbudet mot alkoholreklame stå for fall.

– Er det noe vi ikke trenger, så er det reklame for rusbrus og brennevin på norske TV-skjermer. Om regjeringen nå velger å implementere det nye tv-direktivet, bør de snarest legge fram en plan



for hvordan det norske reklameforbudet skal forsvares ved landets grenser, både med juridiske og politiske virkemidler, sier generalsekretær i Actis, Anne-Karin Kolstad til NRK 30. november.

Frykter asylsammenbrudd

■ **Til tross**

for regjeringens innstramminger i asylpolitikken, ligger Norge i toppen blant landene som prosentvis tar imot flest av de som søker asyl. De europeiske landenes strenge praksis kan gjøre det vanskelig å sende asylsøkere tilbake til land der de risikerer dårlig behandling.

– Tallene indikerer at det er grunn til å bekymre seg



for asylordningen i en del europeiske land. Det gir grunn til bekymring for om hvorvidt europeiske land gir beskyttelse for de som trenger det, sier statssekretær Pål Lønseth (Ap) i Justisdepartementet til VG 13. desember.

– Når du har en veldig høy avslagsprosent i et land, returnerer asylsøkere dit og de får avslag, risikerer man at personer som ville fått opphold i Norge tvangsutsendes. Det sier seg selv at det gir grunn til bekymring.

Svensk eurostøtte nesten utradert

Dersom det var folkeavstemning om euroen i Sverige nå, ville 88 prosent stemt nei. Støtten til euroen er under ti prosent og dermed på historisk bunnivå.

– Motstanden har aldri vært så kompakt som nå. Spørsmålet er om euroen har blitt et totalt umulig prosjekt i Sverige for all framtid. Det må skje noe dramatisk

for at svenskene i framtiden skal si ja til euroen, sier Örjan Hultåker, analytiker på Skop, til europaportalen.se 6. desember.

I november 2009 lå ja- og nei-siden likt med omtrent 48 prosent hver.

– Det er sjelden man ser en langvarig opinionsending av slik styrke, sier Örjan Hultåker.

VARME ORD & STIKK I SIDA

■ **Standpunkt vil i dette nummeret dele ut Varme ord og Stikk i sida til:**

Varme ord

Erna Hagensen



Varme ord går til lederen i Arbeidsmandsforbundet for hennes

krystallklare krav om at regjeringa må bruke veto mot vikarbyrådirektivet under fagbevegelsens store fane-markering utafor Stortinget 5. desember. Haagensen leder et forbund der mange (spesielt lavtlønna damer) merker konsekvensene av løsarbeidersamfunnet allerede. Med EU-direktivet kan det bli fullt frislipp.

Stikk i sida

Erik Oddvar Eriksen



Leder av forskningsinstituttet Arena ved UiO får Stikk i sida. Eriksen

utmerker seg med en rekke kvasi-politiske uttalelser om EU og Norge, de fleste uten dekning i noe som kan kalles forskning. Han er blitt mer en politisk kommentator enn en leder av en seriøs forskningsinstitusjon. Han er høytlynt av oss skattebetalere for å drive reinspikka ja-propaganda. Håpløst.

EØS-måling november 2011


Undersøkelsen er bestilt og finansiert av Nei til EU. Undersøkelsen er gjennomført av meningsmålingsinstituttet Sentio AS. Det er Sentio som svarer for at spørsmålene er faglig fullt ut tilfredsstillende. 1000 personer er spurt. Undersøkelsen er representativ.

www.graphicfamily.com ♥

Spørsmål 1:

Dersom det skulle være folkeavstemning om EØS-avtalen i morgen, ville du da stemt:


- Ja til EØS-avtalen: 44 %
- Nei til EØS-avtalen: 38 %
- Vet ikke: 19 %



Spørsmål 2:

Dersom alternativet til EØS-avtalen var norsk medlemskap i EU, ville du da ha stemt:


- Ja til EØS-avtalen: 72 %
- Ja til medlemskap: 8 %
- Vet ikke: 20 %



Spørsmål 3:

Dersom alternativet til EØS-avtalen var en handelsavtale, vill du da ha stemt:

- Ja til EØS-avtalen: 19 %
- Ja til handelsavtale: 52 %
- Vet ikke: 30 %



FLERTALLET VIL HELLER HA HANDELSAVTALE ENN EØS:

– Gledelig EØS-måling

■ – Dette er en gledelig måling. Dette viser at folket er interessert i å se på alternativer til dagens EØS-avtale, sier prosjektleder for «Alternativer til dagens EØS-avtale», Jan Olav Andersen.

En meningsmåling om EØS fra november viser jevnt løp. 44 prosent ville stemt ja til EØS-avtalen ved ei folkeavstemning,



38 prosent nei. Det er et dramatisk skifte fra siste meningsmåling i mai da tallet var 25 prosent nei og 52 prosent ja. I valget mellom en handelsavtale og EØS, svarer hele 52 prosent at de vil velge en handelsavtale med EU, kun 19

prosent vil velge EØS.

– Selv om man skal være forsiktig med å tolke enkeltmålinger, har det åpenbart skjedd et stemningsskifte i folket. Mange har nok etter hvert sett seg lei på en EØS-avtale som går langt utover sine grenser og som griper inn på helt sentrale områder i styringa av det norske samfunnet, sier Andersen.

ROBERT NYBERG



KOMMENTAR

Sjølv gode nei-folk

■ **Gry Larsen**, statssekretær i Utenriksdepartementet og tidlegare AUF-leiar, var «Ve-kas skribent» på neitileu.no i november. I artikkelen «Solidaritet med Europa» skriv ho om omfanget og konsekvensane av euro-krisa. Ho viser også at sjølv om Noreg til no har vore lite berørte, kan krisa også få store konsekvensar for oss. Det er altså også i vår eiga interesse at EU-landa klarer å kome ut av krisa. «Men vårt engasjement bør også handle om mer. Når venner på det europeiske kontinentet opplever krise, så bør også vi bidra solidarisk», skriv ho.

Vonar EU havarerer

Gry Larsen vel så å kritisere EU-motstandarane. «Hva har så dette med norsk EU-debatt å gjøre? Mye. For jeg aner en tendens til at sentrale EU-motstandere følger europeisk utvikling i disse dager med en slags 'hva var det vi sa'-holdning. Heming Olaussen skriver i Nationen 11. november 'I disse eurokrisetider er det mange i Norge som bør sende en takknemlig tanke til norsk nei-side for at det gikk som det gikk i 1972 og 1994'. I disse euro-tider er det den siste tanken vi skal sende,» skriv Gry Larsen i kommentaren.

Ho gjer vidare ei uventa kopling: «Vi som er mot norsk EU-medlemskap kan aldri og må aldri sitte og håpe at EU-prosjektet og EUs med-



Kritisk. Gry Larsen er kritisk til EU-motstandarar som framstår som sjølv gode. FOTO: EIVIND FORMOE

lemsland havarerer, kommer i uføre og at mennesker blir kastet ut i økonomisk, politisk og sosial krise.»

Meiner Gry Larsen at det å vere glade for at vi står utanfor EU er det same som å «håpe at EU-prosjektet og EUs medlemsland havarerer»? Om folk i Noreg er takksame for at vi står utanfor EU eller ikkje, får vere deira sak. Det er uansett liten tvil om at Noreg står betre rusta til å møte krisa utan EU-medlemskap, og enda verre ville det vere med euroen.

EU-motstandarar er sjølv sagt spesielt glade for at vi står utanfor EU, nettopp i denne krisetida. Det kan heller ikkje vere nokon motsetnad mellom å vere glade for at vi står utanfor EU og å ha medkjensle og solidaritet med dei innbyggjarane i EU-landa som vert hardt råka av krisa. Nei til EU har også vore svært tydelege på at vår solidaritet går til folket som

vert råka, ikkje til EU-systemet og bankane.

Ikkje lenger underdog

Gry Larsen held vidare fram: «Derfor klarer ikke jeg å juble over historisk høye meningsmålingstall i Norge mot norsk EU-medlemskap. Å juble over norske nei-målinger når grekere, italienere og spanjoler står oppe i en dypt alvorlig situasjon føles ikke riktig. Selvtillfredshet er sjelden kledelig, i denne situasjonen blir det bare kvalmt.»

Her vil nok mange raudne, kjenne seg misforståtte, verte provoserte og heite i toppen. Men problemet er at Gry Larsen har heilt rett i dette. Det spelar inga rolle kor solidariske vi sjølv faktisk meiner vi er, dersom det framstår som at vi er sjølvtilfredse og at vi frydar oss over at EU og medlemslanda går under. Nei-sida har i heile vår historie hatt som ein del av vårt sjølvbiletet at vi er dei små som står opp mot overmakta. Slik er det til dels framleis, med leiinga i Ap, Høgre og dei store media framleis på ja-sida. Men så lenge krisa i EU held fram og det berre er den svekka Europabevegelsen som driv ja-arbeid, er det lett for at vi kan framstå som kvalmande sjølvtilfredse seierherrar. Det er, som Gry Larsen skriv, «sjelden kledelig».

Av Sindre Humberstet

sindre.humberstet@neitileu.no

HISTORIA TIL EF-KAMPEN:

Best utan bok



Kjem i 2013. Det store verket om historia til EF- og EU-kampen vert skriven av Roar Madsen (t.v.) og skal kome hausten 2013. I bokbadet på landsmøtet fekk han selskap av Hege Lothe som møteleiar og Dag Seierstad, som var sentral både i 1972 og i 1994.

FOTO: EIVIND FORMOE

– Nokre av våre politikarar vil flytte avgjerdene til Brussel, og det vil vi ikkje. Slik var det då, og slik vil det vere i nokre månadar til, til ja-sida gjev seg, oppsummerte Dag Seierstad under bokbadet på landsmøtet.

Bokbadet på fredag kveld under Nei til EUs landsmøte skulle i år ikkje presentere ei ny bok. Derimot ei bok under arbeid; boka om historia til EF-kampen. Deltakarane i bokbadet var historikar Roar Madsen, nei-veteran Dag Seierstad og møteleiar var Hege Lothe. Roar Madsen skriv historia om norsk EU-motstand, heilt frå starten på sekstitalet og fram til og med EU-kampen i 1994. Dette praktverket om historia om EF-/EU-kampen skal kome ut hausten 2013.

Roar Madsen kunne opplyse om at Dag Seierstad hadde hatt ei viktig rolle i EF-striden i 1972.

– Dag spelte ei viktigare rolle enn han har vedgått til meg tidlegare. Han sat i folkerøystingsutvalet til folkerøysla, som la strategien for kva dei skulle gjere om ei folkerøysting skulle kome.

Utvalet meisla ut kva nei-sida skulle gjere i ein situasjon med eit knapt ja-fleirtal («50,1 %-debatten»), til spørsmålet om kabinettsspørsmål med nei-fleirtal og så vidare. Det dei kom fram til då vert i dag rekna som spelereglane for EU-kampen i Noreg.

Ung nei-side

Dag Seierstad minnest at nei-sida i 1972 var veldig ung.

– Eg brukar sieie at i 1972 var dei fleste aktivistane yngre enn meg, og slik har det halde fram. Eg hadde mest kontakt med miljøet på Blindern. Der var det store banner og enormt mange studieringar, sa Dag Seierstad.

– Vi hadde plakater som sa: Spør folket! Vi ante ikkje om vi hadde fleirtal, men rekna med at vi ikkje hadde det. Men kva anna skulle vi krevje? Men det har jo gått veldig bra, det.

Dag Seierstad fortalde at ingen av dei reiste til Brussel for å hente informasjon. I 1992-1994 var nei-sida veldig avhengige av å få informasjon frå Brussel. Jens Peter Bonde og Helle Hagenau, som då var i Brussel, skaffa mykje informasjon til den norske nei-sida.

– I 1972 las vi Romatraktaten og ikkje så mykje meir. Men ja-

sida visste mindre enn oss då òg. Argumentasjonen vår var basert på forståing av Romatraktaten, sjølv om vi ikkje kunne den på same måte vi kunne traktatane før 1994.

Men kjernen i argumentasjonen var den same både i 1972 og 1994.

– Nokre av våre politikarar vil flytte avgjerdene til Brussel, og det vil vi ikkje.

Ja-sida i 1972

Roar Madsen fortalde at Europa-bevegelsen var aktive på ja-sida også i 1972.

– Men dei hadde færre medlemmer enn i dag. Dei hadde 1000-1100 kontaktpersonar. Likevel var 120 av 150 stortingsrepresentantar medlemmer i Europabevegelsen i 1970. Det viser vel tydeleg at nei-sida ikkje kunne rekne med å vinne saka i Stortinget, sa Roar Madsen.

– Ein annan viktig aktør på ja-sida var Ja-aksjonen, som jamvel påsto at dei var større enn Folkebevegelsen mot EF. Dei hevda at dei hadde 118 000 medlemmer og allereie etter to månaders drift påstod dei at dei hadde 60 000 medlemmer. Det var før medlemsjuks var eit tema, men Ja-aksjonen sine medlemstal var nok eit grovt døme på det. Likevel var det ingen i ja-media som stilte spørsmål ved desse tala, sa Madsen.

EF-tilhengarane hadde lauseleg omgang med tal på andre område også:

– Ja-sida påsto jamvel at ein million arbeidsplassar gå tapt. Noko som ut frå arbeidsstokken var eit ganske ekstremt tal.

Ja-sida og deira media framstilte det til dømes som at landbruksforhandlingane ga eit godt resultat.

– Forhandlingsresultatet vart lagt fram i åtte ulike språkversjonar. I sju av språkversjonane var prissubsidiar på mjølk forbode, og i ein språkversjon var det lov. Det var sjølv sagt på norsk. Og det var eit viktig spørsmål sidan det utgjorde ein stor del av inntektene for landbruket, sa Roar Madsen.

Av Sindre Humberstet

sindre.humberstet@neitileu.no

Medieblikk

Av Sindre Humberset



■ Nei til EU-arar har jo ein trong til å tru det verste om Den europeiske unionen. Men trass i djupt festa mistru til eurokratane i Brussel, var det vanskeleg å utan vidare akseptere siste nytt frå EU: «Nå blir det **forbudt for barn** under åtte år i EU-land å **blåse opp ballonger**. Samtidig settes det 14-årsgrense på å **blåse i bursdagsfløyter**...» melde ABC Nyheter 12. oktober. EU løftar altså blikket frå daglege katastrofar, euro-krisa med påfølgjande massearbeidsløyse og sosial naud, og tek fatt i den store utfordringa i framtida: ballongskadde småbarn. «Årsaken til den strenge innstrammingen i regelverket er faren for at små barn ved et uhell skal **svelge ballongen** [...] Dette betyr at det kan bli satt en stopper for populære aktiviteter under bursdagsfeiringar, slik det har vært gjennom mange generasjoner.» Vel, så gale var det no likevel ikkje. Lengre ned i teksten kjem det fram at: «For lateksballonger skal det være festet en **sikkerhetsadvarsel** om at barn under åtte år må være under oppsyn i nærheten av ballonger.»

■ Nationen kunne 17. oktober avsløre at EU slett ikkje forbyr ballongblåsing for småbarn. Dei har intervjuet **EU-ambassadør János Herman**, som karakteriserer saka som **flåsete**. «Det ville ha vore dumt å forby ballongar. Eg reknar sjølv med å bli bestefar ein dag, og då skal barnebarna mine sjølvsgagt får blåse ballongar.» Det dreier seg altså ikkje om eit forbod, men ei **åtvaring** og oppmoding til foreldra om å halde barna under oppsikt. Og om ikkje dette var nok, så er ikkje saka av heilt ny dato. Regelen om å ha åtvaring på ballongane vart stadfesta i eit nytt direktiv frå 2009, men stammar frå opphavleg frå 1988! Eller, som János Herman seier til Nationen: **«dette er uansett ikkje akkurat nyhende.»**

■ Ein fast bidragsytar til Medieblikk-spalta er **Are-na-professor Erik Oddvar Eriksen**. Han leier eit institutt som skal forske på EU, finansiert med millionbeløp av den norske staten. Ein interessant artikkel i VG 4. desember handlar om at krisa får **unge danskar til å vrake euroen** og vil ha landet ut av EU, og at 78 prosent av dei borgarlege ungdomspoliti-



karane i Danmark er mot dagens EU. Professor Eriksen har denne kommentaren: «I Danmark har de **fremmedfiendtlige** stått sterkt i lengre tid, med **Dansk Folkeparti** i spissen. EU blir assosiert med åpne grenser og multikulturalisme.» I valet i september gjekk Dansk Folkeparti tilbake og venstresida gjekk fram. Likevel klarer tydelegvis ikkje Eriksen å forestille seg ein annan grunn til å vere mot EU enn **god gammaldags rasisme**.


■ Vår gode kollega **Paal Frisvold** (I), leiar i Europabevegelsen, hadde eit oppsiktsekkjande utspel på framsida av Aftenposten 6. november. Oppslaget heitte: «Norsk Ja-leider: **EU er galenskap**.» Frisvold hadde vore på debattmøte i Halden: «Europabevegelsens leder vet, der han sitter i paneldebatt på gamle Erlandsens Conditori i Halden, at han er nødt til å ta tyren ved hornene.» Dei nye tonane frå ja-leiaren traff møtedeltakarane godt. «Men av de 32 som har latt seg friste til kveldens Europadebatt, arrangert av Utenriksdepartementet, er flertallet veldig tydelig imot å melde Norge inn i unionen. Ni av de fremmøtte har endog bedt konditoriet om å få disponere et bord til å holde styremøte i **Østfold Nei til EU** når paneldebatten er over.»

■ **Paal Frisvold** (II) meiner «nordmennene i årevis har levd i et sørgelig **'EØS-mørke'**», skriv Aftenposten 6. november, og spekulerer på om debatten frisknar til når Europautredningen legg fram si utgreiing om EØS-avtalen. «Det jeg frykter, er at EØS-utredningen blir for **juridisk og tung** til at folk skjønner innholdet. Jeg ønsker meg et **Idol-program om EØS**. En quiz om hva vi vet. Det kan bli skikkelig gøy», spår Paal Frisvold. Standpunkt synest dette er eit utmerka framlegg, og vil foreslå at sjåarane kan avgjere om EØS-avtalen skal erstattast med ein handelsavtale ved å **ringe inn** på nummera som står på skjermen.

■ Det er ikkje greitt å arbeide med EU-saka i ei tid der fire av fem seier nei til medlemskap. Det gjeld uansett om ein er for eller mot medlemskap, og det merkar ein til dømes på medlemstalet. ABC Nyheter melde 8. november at **medlemstalet i Nei til EU** gjekk ned frå 29 101 medlemmer i oktober 2009 til 27 683 i oktober 2011. Det er ein nedgang på

1418 medlemmer, eller 4,9 prosent. **«Europabevegelsen** har på sin side mistet 23,5 prosent av sine medlemmer bare siden nyttår», skriv ABC Nyheter. Europabevegelsen hadde 6182 medlemmer i 2008, 5819 i 2009 og 5845 i 2010. Men medlemstalet 4. november 2011 var berre **4474**.

■ Skal ein tru **Paal Frisvold** (III), er det no likevel lys i tunnelen. «Uttalelsen om EU-galskap har ledet til **skred av innmeldelser** i Europabevegelsen. Og bra er det», siterer ABC Nyheter frå twitter-kontoen til Paal Frisvold, før dei legg til: «Ifølge (generalsekretær, red. merkn.) Frode Fjeldstad har **27 personer** meldt seg inn de siste tre dagene.»



■ Dei som ikkje var på **landsmøtet til Nei til EU** i november kunne følgje med på nettsidene og på

Facebook og Twitter. Spesielt på sistnemnde fekk ein eit interessant skråløkk på landsmøtet, friskt oppspedd med kommentarar frå EU-tilhengjarar og andre som ikkje var til stades. Avtroppande nestleiar **Torunn Kanutte Husvik** kommenterte verve-tiltaket på landsmøtet: «27 nye medlemmer til @Europabevegelse forrige uke ble betegnet som et skred. Hva kaller vi da **404 nye til @neitileu** på en time på #lmnteu?» Ho var elles tydeleg imponert over at Nei til EU ikkje tek omsyn til rang. «Hyggelige @neitileu legger nestlederen inn på et kott og sekretæren hennes inn på en suite», tvittra ho. Men det var andre problem med rommet enn storleiken: «Lurer på om de som har plassert meg på rom med utsikt til **Molde Stadion** har en ond politisk plan. Jeg blir psykka ut.»

■ Ut frå kvitringa under landsmøtemiddagen var festtalen til **Erlend Fuglum** ein stor suksess. Torunn Kanutte Husvik var også her aktiv: «@fuglum siterer Duun og Frisvold. Mad fun!». Og vidare frå Nils Ramsøy: «Fulle folk, e folk de og #Duun #lmnteu», og frå Mats Kvaløy-Bjørbekk: «Fint å vere på ein landsmøtemiddag der **Olav Duun** blir sitert gang etter gang.»

■ Ut over Duun-kavalkaden var det nok det nok eit eldre sitat frå **Paal Frisvold** (IV) som var det mest populære i festtalen. Regionssekretær Trude Koksvik Nilsen kommenterte det slik: «Paal Frisvold fikk **to tette og**

NETTIPS

Denne gangen anbefaler Standpunkt et EØS-nettsted, et euro-nettsted og et EU-nettsted, i et forsøk på å få fram bredden i ordskiftet om europeisk integrasjon for tida. Vel bekomme.

Alternativ til EØS
www.alternativprosjektet.no



Etter hvert som EØS-debatten tiltar i styrke vil spørsmålet bli mer og mer påtrengende. Hva er alternativene til EØS? Det er bakgrunn for det bredt sammensatte alternativarbeidet som pågår i et samarbeid mellom fagbevegelsen, frivillige

organisasjoner som Nei til EU og andre. Resultatet av det ambisiøse prosjektet presenteres på dette nettstedet, der du blant annet kan finne artikler, linker, utredninger og oversikt over EØS-konferanser. Nettsidene kan betegnes som enkle og informative, så godt som uten bilder eller forstyrrende illustrasjoner, og vil trolig bli svært viktige i EØS-debatten i 2012.

Den europeiske sentralbanken (ECB)
www.ecb.eu



Uansett hva som vil skje med euro-uroen i 2012 er det klinkende klart at Den europeiske sentralbanken vil ha en nøkkelrolle. Det å holde seg orientert ved å titte innom nettsidene til banken fra tid til annen anbefales sterkt. I forbindelse med at det er 10 år siden euro ble introdusert, er det dessuten all grunn til å forvente at det kommer små reklamekampanjer fra det holdet. Om du trykker på et banner der det står «The Euro», finner du litt av reklamemateriellet rettet mot barn og unge, som i seg selv er nokså interessant. Men i den alvorlige situasjonen EU er oppe i, vil det klart være mest interessant å lese litt i alle rapportene, foredragene, grafene og artiklene som nettsidene formelig flommer over av. Et interessant nettsted om selve kjernen i hele marerittet som nå rir store deler av Europa.

Porten til EU
www.eu.eu



Det er ingen smal sak å gjøre seg kjent i EU-systemet. Det gjelder også på nettet. Men denne nettsiden er en fiks måte å komme rett inn i det. «Gateway to EU» kaller EU nettsiden, der det ligger linker til alt mulig av interesse i EU. Herfra finner du lett fram til statistikk, artikler og linker til alle EU-institusjonene. Her er guider til EUs offisielle mediesider, fotografier og alt mulig annet. Inne på dette nettstedet kan man tilbringe noen uker, og vi kan garantere interessante surfetimer. Selv om nettsidene er pedagogisk og godt satt opp, gir den overveldende informasjonsmengden et inntrykk av hvilken mastodont EU egentlig er. God fornøyelse!


ei badehette i festtalen. Staben lo høyest.» Johannes Dalen Giske kvittra det aktuelle sitatet frå Paal Frisvold: «Jeger optatt av at EU-bevegelsen skal få en **dyktig leder**. Finner de en skal jeg **trekke mitt kandidatur**...» Standpunkt meiner Frisvold nok er for streng med seg sjølv.

■ Som ein tydeleg ser bidrog avtroppande nestleiar Torunn sterkt til landsmøtekvitringa: «Sekretæren tar fly med **Ari Behn**, melder at @neitileu er snakkis. Flyvertinnene spurte om han hadde vært 'på den der mot-EU-greia'» Men det nye ar-



beidsutvalet var ikkje dårlegare. **Påtroppande AU-medlem Jens Kihl** kommenterte helsinga frå våre danske vener: «Stående applaus for **Folkebevægelsen mod EU** på #lmnteu. Ikkje så rart, det er ein prestasjon å prate dansk.»

Anders Kronholm avslutta landsmøtekvitringa på best tenkjeleg måte: «Takker for flott landsmøte! Til og med **bussjåføren til flyplassen ble vervet...**»



Les årboka du og! Heming Olaussen nytta kvart høve på landsmøtet til å minne om at Årboka 2012 er det mest nødvendige verktøyet for å kunne delta i EØS-debatten.

FOTO: EIVIND FORMOE

ÅRBOKA 2012 ER DET DU TRENG:

- Viktig for EØS-debatten

Bli klar til den store EØS-debatten som kjem dette året ved å lese Årboka 2012. Den nye årboka frå Nei til EU gjev deg bakgrunnen og dei aktuelle alternativa til EØS-avtalen.

Kva kan alternativa til EØS vera? Kvifor treng vi alternativ? Og finst det ein eigen norsk veg for Noreg i møtet med EU? Svare og diskusjonane om desse spørsmåla kan du lesa i Nei til EUs årbok. Det er ei bruksbok i debatten om EØS.

På landsmøtet til Nei til EU i november var leiari Heming Olaussen tydeleg på at heile organisasjonen må kaste seg inn i EØS-debatten i 2012.

– Og då er det nettopp årboka som gjev faktagrunnlaget for å kunne delta i debatten. Alle må kjøpe og lese årboka, mana Heming frå talarstolen. Og landsmøtesalen slutta seg til appellen.

No kan også medlemmane tinge årboka. Sjå boksen til høgre for meir informasjon om tinging.

Fakta og alternativ

Boka har to hovuddelar – fyrste del tek for seg innspel og fakta-kunnskap for å diskutera EØS-avtalen. I del to får vi presentert ulike løysingar og alternativ til EØS. Boka har også den tradisjonelle årskavalkaden som finst i

Nei til EUs årbøker.

Sigbjørn Gjelsvik opnar balletten med å slå fast at alternativa må på bordet.

– Vi må vera opne og fordomsfrie på kva som er det beste alternativet til EØS, meiner han.

Eit blikk bakover i tid viser at EØS-avtalen har est ut sidan den vart underteikna. Å sjå på den siste utviklinga innanfor faglege spørsmål bør vera nok for å visa dette. Men også innanfor distriktpolitikk, alkoholpolitikk, likestillingspolitikk og forbrukarpolitikk har det skjedd endringar.

I diskusjonane om kva alternativa til EØS kan vera, er EFTA-medlemskap utan EØS eit alternativ. Lave Broch frå det danske Folkebevægelsen mod EU forklarar kvifor han meiner at EFTA utan EØS kan vera eit godt alternativ til EU-medlemskap også for Danmark.

– EFTA er eit levande alternativ til EU primært på det praktiske og økonomiske området, meiner Broch.

Helene Bank og Heidi Lunde-

berg frå Handelskampanjen er samde i at EFTA kan vera eit alternativ til EU, men ikkje utan at det skjer ei politisk endring i EFTA. Saman med EU utgjør EFTA ein felles front mot fattige land, meiner dei.

Noreg står fritt

Teksten til Heming Olaussen, til slutt i årboka, peikar på det norske handlingsrommet. Noreg, som suveren stat, står i prinsippet fritt til å ordna oss andsynes EU slik vi sjølve ønskjer. Forfattaren går gjennom fleire typar område der Noreg har interesser i å samarbeida med andre land – det nordiske samarbeidet, det vestnordiske og Nord-Europa. Det strategiske spelet i nordområda vert også framheva.

Blant bidragsytarane er også stortingsrepresentant Nikolai Astrup (H), tidlegare handelsminister Hallvard Bakke (Ap), statssekretær Erik Lahnstein (Sp) og EØS-ekspert Dag Seierstad.

Av Eva Marie Mathisen

eva.marie.mathisen@neitileu.no

FAKTA

Viktige tema i Årboka 2012:

- Problema med EØS. Kvifor treng vi alternativ til dagens EØS-avtale?
- Internasjonal handel. Gjer WTO EØS-avtalen overflødig?
- Sveitsisk løysing. Sveits sa nei til EØS og har egne avtaler med EU. Har vi noko å lære?

- Reforhandling. Korleis kan dagens EØS-avtale endrast?
- Ei norsk løysing. Finst det ein eigen veg for Noreg i møtet med EU?
- Årskavalkaden. Dei viktigaste hendingane i EU og i tilhøvet mellom Noreg og EU.

Nei til EUs Årbok 2012: Alternativer til EØS-avtalen

- Sidetal: 160 sider
- Utsalpris: 250 kroner (medlemspris: 225 kr, porto inkludert)
- Redaktører: Morten Harper, Heming Olaussen og Marianne Granheim Trøyflat
- Ting i dag for å sikre deg ei heilt fersk bok – eller fleire eksemplar om du har venner eller kolleger som treng oppdatering om EU og EØS.
- Årboka er no tilgjengeleg i vår nettbutikk. Du kan også sende e-post til neitileu@neitileu.no eller ringe 22 17 90 20 for å tinge.



RAPPORT FRÅ ALTERNATIV-PROSJEKTET:

Avlivar mytar om fiskeriekспорт



Finn ikkje toll-samanheng. Jan Olav Andersen, leiar for styringsgruppa for prosjektet «Alternativer til dagens EØS-avtale», Peter Ørebech, forfattar av rapporten om toll og fiskeriekспорт, og Sigbjørn Gjelsvik, leiar for Alternativ-prosjektet.

FOTO: SINDRE HUMBERSET

I samband med Nei til EUs landsmøte la prosjektet «Alternativer til dagens EØS-avtale» fram ein rapport som avlivar myten om at EØS-avtalen er naudsynt for å kunne eksportere fisk til EU.

Prosjektet har bede Peter Ørebech, forskingsleiar ved Norges fiskerihøgskole, om å undersøke om det finst ein samanheng mellom tollnivå og omfang og verdi på eksporten.

– Denne rapporten knuser myten om at nivået på tollsatsar avgjer kor mykje fisk vi får selt til EU-marknaden. Påstanden om at vi treng EØS for å få selt fisken vår, kan såleis ikkje dokumenterast fagleg, sier leiar for styringsgruppa for Alternativprosjektet, Jan Olav Andersen.

– Det er ein myte at å seie opp EØS-avtalen vil føre til isolasjon. WTO-avtalen er viktigare for toll-satsane enn EØS-avtalen, seier Andersen.

Ingen samanheng

Rapporten som Peter Ørebech la fram, viser at eksporten like gjerne veks i marknadar med høg toll som i marknadar med låg toll, og reduksjon i tollsatsar ikkje nødvendigvis fører til auke i eksporten.

– Eit døme er Polen, som hadde frihandelsavtale med EFTA fram til 2005, og som så gjekk inn i EU og fekk toll mellom anna på laks. Trass i denne tollauken har importen auka kraftig etter 2005. Tollen aukar, men importen aukar likevel, slår Ørebech fast.

– Vi har undersøkt om tollene i seg sjølv er avgjerande for om vi kan selje fisk inn i ein marknad. Analyse av statistikken viser verken at høg tollsats hindrar oss i å selje, eller at låg sats er ein pådrivar for auke sal. Heller

ikkje at endring frå høg til låg sats fører til endringar i salet.

Ørebech viser til tidlegare utgreiingar som slår fast at reduksjon av toll vil føre til auke eksport.

– Desse påstandane er utelukkande basert på teori. Når vi undersøker korleis dette fungerer i praksis finn vi ikkje ein slik samanheng. Dette er ein myte som lever i beste velgåande og som ikkje kan grunnast i statistikken, seier Ørebech, som understrekar at rapporten har kome til i felleskap med andre fagfolk.

– Dette har ikkje vore eit *one man show*. Vi har hatt eit tverrfagleg samarbeid med juristar, økonomar og marknadsføringsfolk som har gått gjennom tala, seier Ørebech.

Fisk stadig viktigare

EU har vorte stadig meir avhengige av import av fisk. 60 prosent av all fisk som vert selt i EU er importert. Og sidan 1991 har den norske marknadsdelen auka frå 16 til 22 prosent. Island er òg innanfor EØS-avtalen, men deira marknadsdel har gått ned frå 11 til 5 prosent i same periode.

– Det er mogleg at dei har same salstal som tidlegare, men at den samla importdelen har auka. Noreg kan auke salstala nærast uavgrensa på grunn av at mykje av eksporten er oppdrettsfisk, seier Ørebech.

– Allereie 1. oktober hadde Noreg eksportert over ein million tonn laks, til ein verdi av 30 milliardar kroner.

– I EØS-avtalen er det toll på foredla fiskeprodukt, men arbeidskostnader for produksjonsmedarbeidarar er viktigare for eksport av foredla fiskeriprodukt enn tollene, understrekar Ørebech.

Alternativprosjektet i 2012

Styreleiar Jan Olav Andersen, fortel at Alternativprosjektet vart til som eit resultat av at den regjeringsoppnemnde Europautredningen ikkje skulle sjå på alternativ til EØS-avtalen.

– Europautredningen er venta å avslutte sitt arbeid rett over nyttår. Vår rapport vil kome omlag ein månads tid etter at Europautredningen legg fram sin rapport, seier Andersen.

– 2012 vert eit år med ein reell EØS-debatt i Noreg, og det har vi ikkje hatt sidan 1993.

Sigbjørn Gjelsvik er prosjektleiar og tilsett for å arbeide med rapporten. Han framhevar at Alternativprosjektet skal legge eit godt grunnlag for den komande EØS-debatten.

– Vårt oppdrag er å setja søkelys på ulike alternativ til EØS. Vi vil sjå om det er vesentlege skilnader mellom ein frihandelsavtale, EØS og også eit EU-medlemskap. Vi vil koma med viktige premissar for den debatten, og vi ønskjer oss ein kunnskaps- og faktabasert debatt, understrekar Gjelsvik.

Av Sindre Humberset
sindre.humberset@neitileu.no

Selvangivelse om EU

■ Som vanlig presenterer Standpunkt ni nei og ett ja. Svarene er utdrag fra portrettintervju-spalten på siste side i Dagsavisen der folk i mediebildet svarer på spørsmålet «bør Norge inn i EU?».

«Nei. Nok en gang får vi bekreftet at vi har hatt rett hele tida.»

Maria Haukaas Mittet, artist, 30. november 2011

«Nei, vi har muligheten til å føre en så ambisiøs miljøpolitikk som vi vil utenfor.»

Lars Haltbrekken, leder i Norges Naturvernforbund, 29. november 2011

«Nei, fordi vi nå ser at EU-drømmen er avslørt. Det var et sandslott.»

Aslan Ahsan, lokalpolitiker i Ap og «julefestarrangør», 4. november 2011

«Nei. Jeg er skeptisk til sentralisering. Det er det viktigste argumentet for meg.»

Helge Torvund, poet og psykolog, 25. november 2011

«Absolutt ikke.»

Pål Laukli, fotograf, 20. oktober 2011

«Jeg sier som i 1994: nei til EU.»

Hanne Kolstø, artist, 27. september 2011

«Nei, jeg har stemt nei to ganger. Jeg vil heller ikke inn nå, men vil ha mye samarbeid mellom selvstendige land.»

Aud Kvalbein, eldrebyråd i Oslo (KrF), 28. oktober 2011

«Nei, jeg tror Norge står seg best ved å stå utenfor. I 1994 stemte jeg ja, men etter noen år mistet jeg trua på hele prosjektet EU.»

Ulf Leirstein, stortingsrepresentant for FrP, 7. oktober 2011

«Jeg har alltid stemt nei, men er åpen for at jeg kan ta feil. Jeg er ekstremt diplomatisk og sliter ut mine omgivelser med å se alle ting fra flere sider.»

Hege Schøyen, skuespiller, 4. august 2011

«Ja, Norge bør nok det. Men det skjer nok ikke på mange år, så lenge nordmenn nyter posisjonen som verdens mest tilfredse utilfredse folk.»

Hans Olav Brenner, programleder i «Brenner» på NRK, 3. januar 2011

EURO-KRISEN:

«Merkozy»-pakken er udemokratisk

■ Den tyske kansleren, Angela Merkel, og den franske presidenten, Nicolas Sarkozy, også i felleskap kalt «Merkozy», er drivkreftene bak EUs krisetiltak. Tyskland har fått Frankrike med på å presse gjennom en styrking av budsjett disiplinen i eurolandene gjennom en endring av EU-loven.

I følge NTB 7. desember reagerer flere av EU-landene på det tyske og franske presset. Finlands utenriksminister



Erkki Tuomioja sier EU nå kanskje redder euroen, men han mener Unionen ofrer den demokratiske legitimiteten på veien.

KORT & GODT

SEMINAR OM HANDELSAVTALE OG EØS:

Bør Norge se til Sveits?

■ **EUs handelsavtaler** med Sveits og lærdommer i forhold til vår egen EØS-avtale var temaet for seminaret som ble holdt av Oslo Nei til EU lørdag 5. november. Professor René Schwok (bildet) fra Universitetet i Genève orienterte om forskjellige sider ved Sveits' avtalesystem. Dag Seierstad redegjorde for den tidligere handelsavtalen vår.

Bakgrunnen for Sveits' avtaler er velgernes nei til EØS i en folkeavstemning i 1992. Sveits blir ikke overvåket av ESA og EFTA-domstolen. Uoverensstemmelser blir ryddet av veien ved drøftinger mellom partene. Alle avtaler er statiske, det vil si at de kan endres bare gjennom nye avtaler. Direktiver og domstolsavgjørelser fra EU gjelder ikke



for Sveits. Schwok viste oss et samfunn med et helt annet politisk spille-

rom enn det vi har under EØS. Problemet er at EU ikke liker den sveitsiske modellen, den er for «komplisert» og «tungrodd». Sveits står overfor forhandlinger med EU, hvor utfordringen blir å få beholde modellen med bilaterale avtaler. Schwok mente at signalene fra Brussel om at de ikke vil videreføre systemet, er en del av forhandlingsstrategien.

Av Paul Dietrichson og Lill Fanny Sæther
standpunkt@neitileu.no

Debatt om EØS-røysting



■ **Etter ein engasjert** debatt vedtok landsmøtet å starte ein intern debatt om folkerøysting om EØS-avtalen. I debatten kom det fram forslag om å stryke dette punktet og også ønskje om å starte ein kampanje allereie fram mot stortingsvalet i 2013. Landsmøtet enda opp med å vedta framlegget som rådmøtet innstilte på i oktober.

I vedtaket står det: «Nei til EU skal starte den interne

debatten om Nei til EU skal starte en kampanje for folkeavstemning om EØS-avtalen og når dette i så fall er riktig».

Styremedlem Arne Byrkjeflot var ein ivrig talsperson for ein kampanje for folkerøysting om EØS-avtalen.

– Dei to sakene vi prioriterer på topp, er dei to mest sentrale sakene i Noreg i dag. Krisa i EU og kva vi skal gjere med den, og EØS-debatten, sa Arne Byrkjeflot.

Vinterlektyre?

Annerledes-Europa av Kjell Dahle og Håkan Larsson:

- Viser hvordan den politiske bondebevegelsen og senterpartiene, ikke minst i Sentral- og Øst-Europa og i Norden har kjempet motstrøms
- Viser at norske visjoner om Annertledelslandet ikke er så særnorske som mange tror
- Handler om grønne røtter og grønn framtid



Førpris: kr. 350,-
Nå: kr. 250,-

Boka kan bestilles

ved å henvende seg til Senterpartiet på telefon 23 69 01 00 eller epost@sp.no



Hildegunn Gjengedal
Nestleiar i Nei til EU



Kritiske til EU-planar. COPA-COGECA, interesseorganisasjonen til EU-bøndene, meiner forslaget frå Kommissjonen vil gå ut over matproduksjonen og er tvilande til miljøeffekten.

FOTO: EU-KOMMISSJONEN

TVILSAMME MILJØTILTAK FRÅ EU-KOMMISSJONEN:

EU-landbruket skal grønvaskast

EU-kommisjonen vil grønvask landbruket. Bøndene fryktar mindre matproduksjon, høgare kostnader og meir byråkrati.

12. oktober la Kommissjonen fram sitt forslag til revidert landbrukspolitikk. Landbruket i EU skal bli grønnare, politikken enklare og fordelinga mellom bønder og land betre. Samtidig er budsjetttrammene strammare og matsikkerheit står høgt på dagsordenen. Bøndene mister stadig meir makt og profitt til daglegvarekjedene, og omdømmet til bøndene er blanda.

For å gjere noko med desse problema foreslår Kommissjonen oppretting av produsentorganisasjonar for å vege opp makta i daglegvarekjedene, krav om at berre aktive bønder kan motta støtte og kutt i overføringane til dei største bøndene. Dette er interessante forslag, også sett med norske bonde- og samvirkeauge. Det er også interessant å merke seg at Kommissjonen etter årevis med fråkoping av støtte frå produksjonen, no opnar for at medlemslanda igjen kan bruke litt meir kopla støtta for å oppretthalde produksjonen i område med vanskelege produksjonsforhold.

Omstridde miljøkrav

Men mest merksemd har det vore rundt Kommissjonens forslag til grønvasking av landbrukspolitikken. For å oppnå eit grønnare landbruk foreslår Kommissjonen å pålegge bøndene tre nye krav: Dei skal produsere minimum

tre typar vekstar på jorda sine, vedlikehalde permanent beite og ta sju prosent av jordbruksarealet ut av vanleg produksjon. Oppfyller ikkje bøndene desse krava, mister dei tretti prosent av den direkte støtta.

Medan miljøorganisasjonane i EU meiner forslaget ikkje går langt nok, meiner EU-bøndene gjennom sin interesseorganisasjon COPA-COGECA at forslaget vil ha negativ effekt for matproduksjonen og ingen garantert positiv miljøeffekt. Dei peiker på at felles krav til 12 millionar bønder med så ulike produksjonsforhold er ein svært ineffektiv måte å drive miljøpolitikk på. I store delar av EU er det til dømes svært vanskeleg å dyrke meir enn to ulike vekstar. Det gir lite mening å krevje at til dømes vinprodusentar eller olivenoljeprodusentar skal legge om og byrje å produsere to andre typar vekstar i tillegg. Krava vil auke kostnadene for bøndene, legge band på produksjonen og redusere bøndene sine moglegheit for å svare på marknadssignal. EU-bøndene fryktar at dette vil føre til høgare prisar til forbrukaren, meir byråkrati, mindre konkurransedyktige bønder og meir import. Særleg meiner dei kravet om å ta sju prosent av jordbruksområdet ut av drift er heilt feil i ei verd som treng meir mat.

Treng meir mat

Her har EU-bøndene eit godt poeng. Det er paradoksalt at areal

skal setjast ut av produksjon i ei tid når SNs matvareorgan FAO har rekna ut at vi treng 70 prosent meir mat innan 2050. Det er ikkje lenge sidan EU tok inn igjen i produksjon ti prosent av arealet som hadde vore brakklagt i fleire år. Frå ein periode med overproduksjon og smørberg har fokuset for landbrukspolitikken i EU blitt endra i takt med matkrise og klimakrise. Meir mat skal produsereast i verda og bioenergi skal i større grad erstatte den dyre og forureinande fossile energien.

Det er bra og nødvendig at EU ynskjer eit miljøvenleg landbruk. Alle sektorar må ta sin del av svaret for eit betre miljø, og EU-landbruket har gjennom historia blitt kritisert, til dels med rette, for sine miljøsynder.

Men har Kommissjonen funne den rette medisinen? Eller foreslår Kommissjonen ein politikk som vil føre til lågare matproduksjon og meir import frå andre delar av verda med lågare miljøkrav? For å få ein berekraftig matproduksjon må det løne seg for bonden å produsere miljøvenleg, og verkemidla må vere tilpassa lokale forhold. Dette ser ut til å mangle i forslaget frå Kommissjonen. Kombinert med ei frysing av landbruksbudsjettet kan EU-bøndene stå framfor utfordrande tider om Kommissjonens forslag blir sett ut i livet frå 2014.

NY STRID OM GRUNNLOVENS PARAGRAF 93:

Disse 64 har lovt velgerne å stemme nei

For å stoppe forslaget må representantene fra Frp og Ap holde valgløftene sine. **Disse stortingsrepresentantene har lovet å stemme nei:**

Ap (16)



Anne Marit Bjørnflaten



Bendiks Harald Arnesen



Eva Kristin Hansen



Freddy de Ruiter



Gorm Kjærli



Gunn Karin Gjul



Ingrid Heggø



Lillian Hansen



Lise Christoffersen



Magne Rommetveit



Stine Renate Håheim



Thomas Breen



Thor Erik Forsberg



Tone Sønsterud



Tove Karoline Knutsen



Truls Wickholm

Følgende personer i Ap viser til partiprogrammet: Sverre Myrli, Marit Nybakk, Jan Bøhler, Marianne Marthinsen, Håkon Haugli og Helga Pedersen (ALLE FOTO: ARBEIDERPARTIET)

Frp (8)



Ingebjørg Amanda Godskesen



Jon Jæger Gåsvatn



Per Roar Bredvold



Per-Willy Amundsen



Tord Lien



Ulf Leirstein



Vigdis Giltun*



Øyvind Vaksdal

* Påpeker at hun følger partigruppa om repr. ikke stilles fritt.

(ALLE FOTO: FRP)

Krf (10)

Line Henriette Holten Hjemdal, Knut Arild Hareide, Hans Olav Syversen, Geir Jørgen Bekkevold, Kjell Ingolf Ropstad, Dagrun Eriksen, Dagfinn Høybråten, Laila Dāvøy, Øyvind Håbrekke og Rigmor Andersen Eide

Venstre (2)

Borghild Tenden og Trine Skei Grande,

Sp (11)

Trygve Magnus Slagsvold Vedum, Anne Tingelstad Wøien, Per Olaf Lundteigen, Geir Pollestad, Kjersti Toppe, Erling Sande, Jenny Klinge, Ola Borten Moe, Christina Ramsøy, Janne Karin Sjelmo Nordås og Irene Lange Nordahl

SV (11)

Bård Vegar Solhjell, Heikki Holmås, Karin Andersen, Aksel Hagen, Inga Marte Thorkildsen, Alf Holmelid, Hallgeir Langeland, Gina Barstad, Snorre Valen, Geir Ketil Hansen og Akhtar Chaudry.

Spørsmål som ble stilt:

■ Det ligger et forslag til behandling i Stortinget om å endre Grunnlovens § 93. Dette skal gjøre det enklere å melde Norge inn i EU. Forslaget innebærer at Stortinget med 2/3 flertall, etter ei rådgivende folkeavstemning, kan melde Norge inn i EU. I dag er kravet 3/4 flertall. Støtter du ei slik endring av Grunnloven?

Når Stortinget snart skal behandle forslag om å endre Grunnlovens paragraf 93 for blant annet å få Norge lettere inn i EU, har de ikke sjanse til å få 2/3 flertall. Dersom stortingsrepresentantene holder sine valgløfter.

Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité behandler i disse dager et forslag fra Svein Roald Hansen (AP), Marianne Aasen (AP), Per Kristian Foss (H) og Inge Lønning (H) om å endre Grunnlovens paragraf 93, slik at det i praksis skal bli lettere å melde Norge inn i EU.

Formelt handler forslaget om redusere kravet til kvalifisert flertall for å avgjøre suverenitet fra 3/4 flertall til 2/3 flertall, etter en forutgående folkeavstemning.

– Nei til EU mener fortsatt at det er helt feil å nok en gang skulle forsøke å endre spillereglene

for en så viktig sak for Norge og det norske folkestyret. Siste gang ja-siden forsøkte seg var i 2008, da det endte med et dundrende nederlag i Stortinget, sier Heming Olaussen, leder i Nei til EU.

57 stemmer blokkerer

For å blokkere forslaget trengs 1/3 av stemmene i Stortinget, altså 57 stemmer. Standpunkt foretok en rundspørring til alle aktuelle stortingskandidater over hele landet i forkant av stortingsvalget 2009. Taperne fra stortingsavstemningen i 2008

hadde varslet at de ville fremme forslaget på nytt, så dermed var spørsmålet svært relevant.

64 av de nåværende stortingsrepresentantene svarte da klart og tydelig at de ville stemme nei til dette forslaget som nå ligger på bordet i Stortinget. Flere andre svarte «vet ikke» eller unnlot å svare, så det er grunn til å tro at enda flere vil stemme nei.

Bruker ikke pisker

I 2008 forsøkte Arbeiderpartiet å bruke partipisker, men møtte motstand fra egne rekker.

– Sentralstyret i Arbeider-

partiet skal denne gangen ha stilt sine representanter fritt. Det oppfordrer vi alle andre partier om også å gjøre, sier Olaussen.

Svarene viser at det er i hvertfall et tilstrekkelig mindretall på Stortinget til å stemme ned forslaget om grunnlovsendring – dersom representantene holder det valgløftet de ga i 2009.

– Det er symptomatisk for EU-tilhengere både hjemme og borte å ta stadige omkamper når de taper. Det norske folk har to ganger sagt nei til EU i folkeavstemninger, men saken er likevel ikke lagt død av ja-siden. Nå tar

de omkamp på spillereglene. EU sjøl prøver å unngå folkeavstemninger, og om de taper, kjører de omkamper eller omgår avstemningsresultatet. Slik svekkes tiltroen til EU-tilhengers demokratiske sinnelag, sier Olaussen.

– Nei til EU mener Stortinget må avvise forslaget om å endre Grunnlovens paragraf 93 og setter vår lit til de 64 representantene som før valget 2009 lovt velgerne at de ville stemme nei.

Publikasjoner fra Nei til EU

Årbok 2012: Alternativer til EØS-avtalen - 225,-

2012 vil være et år for EØS-debatt. Denne boka gir bakgrunnen og de aktuelle perspektivene for alternativene til EØS-avtalen. Blant bidragsyterne er stortingsrepresentant Nikolai Astrup (H), tidligere handelsminister Hallvard Bakke (Ap), Helene Bank (For velferdsstaten), Sigbjørn Gjelsvik (Alternativer til dagens EØS-avtale), statssekretær Erik Lahnstein (Sp) og EØS-ekspert Dag Seierstad. Årets julegave til deg selv og politisk interesserte venner! 160 sider. Medlemspris: 225 kr, porto inkludert.

**EØS-guiden - gratis**

EØS-avtalens innhold, konsekvenser og alternativer kort fortalt.

**EU-guiden****EU-guiden - gratis**

Dette er heftet som gir svaret på mange av de spørsmålene som EU-debatten reiser. Heftet tar for seg en god del av ja-sidens argumenter og gir nei-sidens svar på disse. Heftet kan lastes ned som pdf.

Kvinner i krise - 40,-

VETT nr. 4-2011 handlar om EU og likestillingspolitikk. EU har vedteke direktiv om likeløn, omsorgspermisjon og trygdeordninger. Likevel har Norge gjennom EØS-avtalen fått pålegg om å innstille tiltak som vil betre kvinner sin situasjon. Kvi for likestillingsarbeid i EU så vanskeleg? Redigert av Marianne Granheim Trøyflat. 64 sider.

**På kollisjonskurs - 40,-**

Den frie bevegelsen av arbeid, kapital og tjenester i EU og EØS er på kollisjonskurs med velferdsordningene våre og arbeidstakernes rettigheter. Nei til EUs skriftserie VETT nr. 3-2011 setter fokus på kampen for velferdsstaten og et anstendig arbeidsliv. Redigert av faglig leder i Nei til EU Boye Ullmann og faglig sekretær Hilde Loftesnes Nylén. 160 sider.

**Eurokrisen - 40,-**

Hva er årsakene til eurokrisen? Hvilke økonomiske og sosiale konsekvenser har den? Hva betyr krisen for EUs unionsutvikling? Nr. 2-2011 i Nei til EUs skriftserie VETT forsøker å gi svar. Heftet er redigert av Nei til EUs utredningsleder Morten Harper. 64 sider.

**Nordområdenes geopolittikk - 40,-**

Hva er det EU ønsker å oppnå i Arktis? Hvilke allianser søker Island? Og hvordan kan Norge best ivareta interessene i nord? VETT 1-2011 ser på hvordan utviklingen i nordområdene tegner et nytt verdenskart. Redaktør: Morten Harper. 64 sider.

**Myter og fakta om EU og EØS**

Løpesedler som svarer på ja-sidens luftige påstander. Nummer tre og fire tar hull på mytene om euroen og om at vi trenger EØS-avtalen for å selge varene våre til EU. Perfekt å gi til tvilere og ja-folk.

Ferske faktaark

- 7-2011: Grenseløs kontroll - Justissamarbeid og utviklingen av felles asylpolitikk i EU
- 6-2011: Norge påvirker EUs miljøpolitikk
- 5-2011: Konsekvensene av veto i EØS

Aktuelle arbeidsnotat

- 6-2011: Ekstern slagside - 12 feil og mangler i Europautredningens eksterne delutredninger
- 5-2011: Asyl og innvandring

Last ned fra Nei til EUs nettsider:

www.neitileu.no/kunnskapsbank

**EU SETT FRA REDAKTØRSTOLEN:**

Oljen disponerer for fortsatt nei-flertall

– Nasjonal kontroll over ressursene betyr mer enn markedstilgang, sier sjefredaktør Tom Hetland i Stavanger Aftenblad. Han ser store muligheter for nei-sida, men mener fremmedfiendtlige EU-motstandere kan bli et problem.

Hvordan ser EU-saken ut fra en stor avisredaksjon? Avtroppende sjefredaktør Tom Hetland i Stavanger Aftenblad ga sine betraktninger til Nei til EUs råd 22. oktober 2011.

Hetland har vært nei-mann i begge avstemningene, 1972 hadde han ikke stemmerett, men var som gymnasiast ivrig med i Folkebevegelsen mot EF i Sandnes. I 1994 stemte han nei, og var leder for politisk avdeling i Stavanger Aftenblad. Siden da har han fulgt EU-saken fra Aftenbladets redaksjon, og fra 2002 har han vært sjefredaktør.

I 1994 var Thor Bjarne Bore sjefredaktør og han sto på lederplass for et reservert ja.

– Uansett hvilket syn en hadde på lederplass, skulle vårt viktigste formål være å gi leserne solid bakgrunn for egne meninger, påpeker Hetland.

Engasjementet var enormt, Hetland mener det ble presentert omlag 1000 innlegg om EU gjennom de årene EU-kampen varte.

Hetland så ingen grunn til å gå ut med brask og bram og endre EU-standpunkt til avisa da han tok over sjefsredaktørstolen.

– Det er av og til slik at «avisen går foran mannen». En avis er ikke et privat foretak, og en skal ha respekt for tradisjoner, utdyper han.

Å ha en bred og balansert dekning av EU-saken er fortsatt det viktigste målet, i følge Hetland.

– Hvilket standpunkt Aftenbladet vil ta neste gang EU-saken kommer opp, er det ikke opp til meg å avgjøre, siden jeg nå slutter, og jeg er ikke sikker på om det blir noen neste gang i min levetid, fortsetter Hetland.

Muligheter og utfordringer

Det er grunn til å være optimistisk med tanke på framtida for nei-sida dersom utviklingsstrekk i Rogaland vil gjøre seg gjeldende nasjonalt. Rogaland har vært et ganske stabilt nei-fylke fra 1972 til 1994, til tross for en sakte, men sikker høyredreining av velgerne i fylket. I 1994 gikk nei-sida fram i Stavanger by.

– Min teori er at den rogalandiske oljeøkonomien, som er en spydspiss for den norske, disponerer for nei, sier Hetland. I dette bildet betyr nasjonal kontroll over ressursene mer enn markedstilgang. Oljeøkonomien gir også en økonomisk selvtilitt



Hvor skal grensene trekkes? Nei til EU kan komme i en identitetskrise, der en stadig blir konfrontert med politiske krefter en ikke vil bli identifisert med, sier Tom Hetland. FOTO: STAVANGER AFTENBLAD

og tro på at en kan stå utenfor, mener han.

Hetland peker på noen utfordringer for nei-sida også. I mange EU-land er fremmedfiendtlige partier og grupper framtrædende EU-motstandere i offentligheten. Dette har ikke vært tilfelle i Norge, EU-motstanden har vært tufta i en sentrum/venstre-allianse. Det er tendenser til at en ny type EU-motstand gjør seg gjeldende i Norge også, mener Hetland.

– Nei til EU kan komme i en identitetskrise, der en stadig blir konfrontert med politiske krefter en ikke vil bli identifisert med, utdyper Hetland. Hvor vid skal den felles plattformen for motstand være? Og hvor skal en trekke grensene?

Mange år til neste runde

I sin analyse av hva som påvirker EU-spørsmålet i Norge peker Hetland blant annet på tre forhold: klimaet i den nasjonale politikken, økonomisk trygghet og forholdene mellom supermaktene.

– EU-saken handler ikke bare om EU, men like mye om makt/avmakt, sier Hetland.

I følge ham er prototypen på en ja-velger en middelaldrende mann på Oslo Vest, høyt utdannet og med høy inntekt. Det betyr at jo fjernere en står fra denne ja-mannen langs de ulike aksene (geografi, kjønn, alder, inntekt, utdanning), jo mer sannsynlig er det at en stemmer nei, påpeker Hetland. Dette mønsteret er ikke særnorsk, men viser seg

i alle land som har hatt folkeavstemninger om EU-relaterte spørsmål. Er det sannsynlig at vi vil få en utvikling i retning av redusert politisk avmakt til makta?, spør Hetland. Det er dessverre lite som tyder på det, svarer han selv.

– I dagens situasjon er ikke økonomisk trygghet knytta til EU-medlemskap, snarere tvert i mot resonnerer Hetland.

Det er også tendenser som gjør andre markeder enn EU-markedet viktigere.

Mellom stormaktene

Også forholdet mellom stormaktene påvirker EU-synet til nordmennene.

– Satt på spissen og forenklet bor nordmenn i et lite land som orienterer seg innenfor et triangel av tre sterke poler: USA, EU og Russland. USA og EU kan være kloke eller dumme, Russland snilt eller farlig, sier han.

Han mener at vi i dag har et ganske klokt USA, et ganske dumt EU og et ganske snilt Russland. Det er etter Hetlands syn en optimal situasjon for nei-sida. Endringer i dette bildet kan føre til en helt annen stemning. Han viser til Irak-krisen i 2003, der blant annet Tyskland og Frankrike sto opp mot Bush. Da var det ja-flertal på flere EU-målinger, og folk på venstresida gikk fra nei til ja, i alle fall for en kort periode.

Av Vigdis Hobøl
vigdis.hobol@neitileu.no

FAGRØRSLA MOBILISERER MOT EU's VIKARBYRÅDIREKTIV:

Vikarbyrå-striden deler regjeringa



Fanemarkering mot vikarbyrådirektiv. 70 fagforeningar og forbund markerte seg mot vikarbyrådirektivet framfor Stortinget 5. desember. Jan Davidsen, leiar i Fagforbundet, kravde veto mot direktivet. FOTO: MARIANNE G. TRØYFLAT

Striden om vikarbyrådirektivet spissa seg til etter at Arbeiderpartiet si stortingsgruppe 30. november sa ja til direktivet. Fagrørsla mobiliserer til kamp mot direktivet.

Store delar av fagrørsla var i harnisk etter at stortingsgruppa til Arbeiderpartiet gjekk inn for vikarbyrådirektivet. 5. desember heldt 70 fagforeningar og forbund fanemarkering mot vikarbyrådirektivet utanfor Stortinget.

– Det heter at en innføring av direktivet skal gjøre det lettere for de som er presset ut av arbeidslivet, og bidra til å sikre like lønns- og arbeidsvilkår mellom vikarene og fast ansatte, sa leiar av Fagforbundet, Jan Davidsen i følge Fagbladet, og heldt fram:

– Slik er det ikke.

Fleire forbund krev veto

Fanemarkeringa 5. desember var eit kraftfullt signal, og neste aksjonsdato er 18. januar. Då vil fagrørsla over heile landet krevje veto mot vikarbyrådirektivet.

Etter at Fellesforbundet gjorde sitt historiske landsmøtevedtak i oktober, der dei kravde veto mot direktivet, har også Unio og Handel og Kontor slutta seg til vetokravet.

«Unio krever at regjeringen legger ned veto mot EU's vikarbyrådirektiv med mindre den

norske arbeidsmiljølovens bestemmelser og intensjoner ivaretas på en sikker måte, at pensjon og andre sosiale bestemmelser blir sikret og tillitsvalgte får innsyn i lønns- og arbeidsvilkår», heiter det i ei fråsegn frå representantskapet i Unio, vedteken i desember.

Nestleiar Bjørn Mietinen i Handel og Kontor avviser at ein tiltakspakke skal kunne gjere vikarbyrådirektivet akseptabelt.

– Vi vet hva som ligger i direktivet. Vi har advart mot det. I høringsrunden krevde vi garantier, som vi nå ser at det er umulig å få. På dette året har mye forandret seg. Store deler av Europa står på randen av konkurs, og så vil regjeringen innføre et direktiv som åpner for muligheten til å utnytte arbeidstakerne enda mer. Hvordan i all verden skal en eller annen vikarpakke avhjelpe dette? Nei, nå må de lytte og bruke vetoretten, sa Bjørn Mietinen til HK-Nytt 29. november.

Regjeringa delt

Medan Arbeiderpartiet har teke stilling for direktivet, er

SV klare på at dei ønsker veto. I sitt innlegg på landsstyremøte i SV 26. november tok nestleiar Audun Lysbakken til orde for samling mot vikarbyrådirektivet.

– Jeg er alvorlig bekymret for at en innføring av vikarbyrådirektivet vil undergrave alle de viktige tiltakene SV ønsker å innføre for å sikre bedre vilkår for vikaransatte, sa Lysbakken.

– Normalen må være at folk er ansatt i den bedriften de jobber i, ikke en annen bedrift. Det handler både om å sikre at arbeidsgivere tar ansvar for sine ansatte, om å sikre gode muligheter for fagorganisering og om å sikre et kompetent og fremtidsrettet næringsliv, sa han vidare.

Senterpartiet har ikkje teke så klart standpunkt, men stiller vilkår til som må innfriast før eventuell innføring av direktivet. «Senterpartiet frykter at innføring av vikarbyrådirektivet kan medføre at arbeidsmiljølovens begrensninger i bruken av vikarer og midlertidig ansatte [...] må endres. [...] Dersom kravene ovenfor ikke kan imøtekommes innenfor direktivets

rammer, sier Senterpartiet nei til EU's vikarbyrådirektiv og vil bruke reservasjonsretten.»

Arve Bakke på landsmøtet

Etter det historiske vedtaket i Fellesforbundet var leiar Arve Bakke ein svært velkommen gjest på landsmøtet til Nei til EU i Molde.

– Landsmøtet i Fellesforbundet sa eit rungande nei både til vikarbyrådirektivet og bemanningsbransjen. Det å kunne reservere seg mot EU-direktiv er ein rett vi har gjennom EØS-avtalen. Og som ikkje medlemsland i EU har. Noreg må bruke denne retten. Eg kan love dykk at vi skal presse på der vi kan og der vi har høve, for at denne retten skal verte brukt, sa Bakke til rungande applaus frå landsmøtesalen.

Går inn i Alternativ til EØS

Landsmøtet til Fellesforbundet vedtok også heilt uventa å slutte seg til prosjektet Alternativer til dagens EØS-avtale. Forbundsleder Arve Bakke avslørte i helsinga si at Fellesforbundet både tildele prosjektet ein betydelig



Helsa landsmøtet. Leiaren i Fellesforbundet, Arve Bakke, fekk stor applaus då han helsa landsmøtet i Nei til EU og varsla at forbundet skulle støtte Alternativ til EØS-prosjektet med 100 000 kroner.

FOTO: EIVIND FORMOE

pengestøtte og også vil bidra aktivt.

– Landsmøtet vedtok tilslutning til alternativ-prosjektet. Ikkje for å melde Noreg ut av EØS, men fordi det er viktig å diskutere alternativa. Vi har teke det vedtaket på strak arm og på første landsstyremøte vil vi vedta å gå inn i prosjektet med 100 000 kroner og delta aktivt i arbeidet. Vi vonar vi får ein god debatt om EØS-avtalen på godt og vondt, men også få sett lys på dei alternativa som finst, sa Bakke i helsinga.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

NEI TIL EUs LANDSMØTE I MOLDE:

Topp stemning med

Det var en sosial ramme med mye lokal kultur fra de tre fogderiene da Møre og Romsdal for før



God stemning. Landsmøtesalen ser på videohilsen fra Senterpartileder Liv Signe Navarsete.

FOTO: EIVIND FORMOE



Gløgg og verving. Før oppstart i samlet flokk til rådhusplassen interesserte forbipasserende.



Avtroppende AU-medlemmer. Kanutte Husvik og AU-medlemmer av på landsmøtet, og fikk stor

– Det var et fantastisk landsmøte, sa Heming Olaussen, gjenvalgt leder i Nei til EU.

Både Laila Skaret og Per Morten Svendsen fra Smøla, Arild Hoksnes og Gro Kjelleberg Solli fra Molde og Gjemnes

og ikke minst trubaduren og humoristen Per Jan Vinje fra Ålesund bidro til å avspeile fylkets kultur med en musikalsk reise gjennom fylket under festmiddagen.

Rute 33, en klassisk trio

fra Molde, og Lise Jaastad fra Trondheim bidro til høytidelig åpning og avslutning av landsmøtet. Jaastad ledet også allsangen Kringsatt av fiender, som kom etter minneord over våre sentrale medlemmer som

er gått bort i løpet av året. Blant dem også seks ungdommer som ble tatt av dage på Utøya.

Framover er det fullt fokus på EØS-avtalen, og da var det viktig at man på landsmøtet fikk klarsignal fra EØS-tilhengerne

Knut Arild Hareide i KrF og Arve Bakke i Fellsforbundet til å utrede alternativ til EØS-avtalen.

Av Johs Bae
johannes.bae@neitileu.no

LANDSMØTET

TO NYE INN I ARBEIDSUTVALGET:

Fornyelse i Nei til EUs toppledelse



Britt Tønne Haugan og Jens Kihl ble valgt til henholdsvis nestleder og medlem av Nei til EUs arbeidsutvalg. Heming Olaussen ble gjenvalgt som leder og går dermed på sitt åttende arbeidsår.

Haugan er medlem av Kristelig Folkeparti og har nettopp avsluttet en periode som gruppeleder på fylkestinget i Nord-

Trøndelag. Hun er født i 1965, er medlem av kommunestyret i Levanger og jobber som lærer. Haugan har deltatt i organisasjonsarbeidet i Nord-Trøndelag Nei til EU i flere år, blant annet som medlem av valgkomiteen.

Jens Kihl er medlem av Sosialistisk Venstreparti og er leder av lokallaget på Sagene i Oslo. Han er født i 1986 og jobber

som prosjektleder for Språkåret 2013. Har en påbegynt mastergrad i sosiologi ved Universitetet i Oslo. Jens har vært kommunalpolitisk sekretær i Nei til EU fra juni 2009 til august i år og er tidligere talsperson for Ungdomsalliansen mot tjenestedirektivet. Styremedlem og tidligere nestleder i Noregs Mållag og medlem av den nor-

ske UNESCO-kommisjonen.

Nestleder Hildegunn Gjengedal er gjenvalgt som nestleder og går på sitt andre arbeidsår.

Heming Olaussen oppsummerte en vellykket helg.

– Det har vært et fantastisk landsmøte med en fantastisk inngang. De siste dager meningsmålinger har gitt oss nye muligheter og et nytt utgangs-

punkt for videre arbeid, konkluderte han etter å ha blitt valgt. Og la til:

– Vi skal sammen med våre venner lete etter en annen veg enn både husmannskontrakten EØS og det umulige alternativet EU.

Se samlet oversikt over Nei til EUs nye styre og råd på neitileu.no

lokal kultur

ste gang sto som arrangør av landsmøtet i Nei til EU.



ten av landsmøtet gikk delegatene i Molde for å drikke gløgg og verve

FOTO: JOHS BAE



Fikk vervepris: Kjersti Steinsvåg Hansen fra Nordland fikk vervepris under landsmøtet. Hun vervet over 20 nye medlemmer i løpet av landsmøtet. Her blir hun gratulert av generalsekretær Per Kristian Dotterud, som er imponert over innsatsen.

FOTO: EIVIND FORMOE



er: nestleder Torunn Sigrud Z. Heiberg gikk takk for innsatsen.

FOTO: EIVIND FORMOE



Det nye arbeidsutvalget. Fra venstre: Heming Olaussen (leder), Britt Tønne Haugan (nestleder), Jens Kihl (AU-medlem) og Hildegunn Gjengedal (nestleder).

FOTO: EIVIND FORMOE

NY VERVEREKORD:

404 nye medlemmer i løpet av landsmøtet

■ **Også på landsmøtet** må deltakerne gjøre en verveinnsats. Som på tidligere landsmøter, ble det satt av en halvtime til telefonverving. Et annet innslag var et vervestunt på rådhusplassen i Molde før landsmøtet åpnet. Landsmøtedeltakerne ble iført refleksevest og verveblokk og vervet interesserte forbi passerende. Sammen med telefonrunden på en halvtime ble det det samlede ververesultatet under landsmøtet hele 404 nye medlemmer.

– Europabevegelsens Paal Frisvold har omtalt 27 nye medlemmer til sin organisasjon som et «skred». Hva skal vi da si når over 404 melder seg inn i Nei til EU i løpet av en halvtimes dugnad, spurte den gjenvälgte nei-leder Heming Olaussen, og foreslo «flodbølge».

Rekordhøyt nei-flertall på meningsmålingene og et EU i dyp krise gjør at mange opplever det som mindre aktuelt å være medlem i Nei til EU. Men

vervingen på landsmøtet viser tydelig at det ikke er umulig å få flere medlemmer.

– Vi har som mål å opprettholde fjorårets tall på 29 000 medlemmer i Nei til EU, og det ser det ut til at vi kan klare, sa en fornøyd Nei til EU-leder som oppfordrer alle som er enige med organisasjonens mål om å melde seg inn.

